

Ungdom og regional utvikling i Nordhordland Spørjeundersøking 2011

Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD)
AUD-rapport nr 7 2011

Metode

- Undersøkinga er utført av Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD) på oppdrag frå Regionalavdelinga i Hordaland fylkeskommune og i samarbeid med Nordhordland handverk- og industrilag.
- Datainnsamlinga vart gjort elektronisk. Det vart sendt ut spørjeskjema på e-post til alle elevane i 2. trinn ved dei to vidaregåande skolane i regionen (Knarvik vgs. og Austrheim vgs.)
- Totalt fekk 418 elevar tilsendt spørjeskjema og 215 av desse har svara på undersøkinga. Det tilsvarar ein svarprosent på 51 %.
- Der det er aktuelt vert resultatane frå undersøkinga samanlikna med resultatane frå ei liknande undersøking: "Ung i Buskerud" (2010). Utvalet i denne undersøkinga er ungdommar i alderen 15-22, altså større aldersspenn enn i vår undersøking. Spørsmåla i dei to undersøkingane er ikkje stilt identisk, men det kan likevel vere interessant å samanlikne resultatane


Bakgrunnsopplysingar

Heimkommune:	
Austrheim	5 %
Bergen	15 %
Fedje	0 %
Gulen	0 %
Lindås	34 %
Masfjorden	7 %
Meland	21 %
Modalen	0 %
Radøy	13 %
Solund	0 %
Anna	5 %

Utdanningsprogram:	
Studiespesialiserande	32 %
Studiespes. med formgjevingsfag	6%
Bygg og anleggsteknikk	8 %
Design og handverk	8 %
Elektrofag	8%
Helse-og sosialfag	11 %
Service og samferdsel	9 %
Teknikk og industriell produksjon	18 %

Kjønn:	
Gut	50%
Jente	50 %

Val av utdanning




Svarskala: 1= Ikkje viktig 6= Svært viktig

Val av utdanning

- Den viktigaste faktoren ved val av utdanning er at ein har interesse for fagområdet/yrket (5,5 i gjennomsnitt). Deretter følgjer "at eg får brukt evnene mine/det som eg er god til"(5,3).
- I undersøkinga "Ung i Buskerud" oppgjev ungdommane at "spennende arbeidsoppgåver" som den viktigaste faktoren ved val av yrke.
- Det å kunne få jobb i det private næringsliv er viktigare for gutane (3,5) enn for jentene (2,9) i vår undersøking.
- At utdanninga er kort, er det forholdet ved val av utdanning som er minst viktig (2,5). Kort utdanning er heller ikkje spesielt viktig for ungdommane i Buskerud.

Høgare utdanning

Kva type høgare utdanning har du i så fall mest lyst til å ta:




Høgare utdanning

- 47 % meiner at det er svært sannsynleg at dei kjem til å ta høgare utdanning. 74 % av elevane meiner at det er mer sannsynleg enn usannsynleg at dei kjem til å ta høgare utdanning etter fullført vidaregåande skule. Det gjeld i større grad jenter (81%) enn gutar (67%).
- Heile 35 % av ungdommane svarar at dei ønskjer å ta høgare utdanning innan ingeniørfag, naturvitenskap, primærnæringsfag, samferdsel, sikkerheitsfag.
- Tal frå samordna opptak (2011) syner at delen av alle søkjarar som har realfag og ingeniørfag som førsteval er om lag 13%.
- Blant gutane i vår undersøking er delen som har mest lyst å ta denne type utdanning heile 54 %. Tilsvarende del blant jenter er 18 %.
- I undersøking frå Buskerud er kommunikasjon, idrett og økonomi dei faga flest interesserer seg for.
- Blant jentene er det flest som ønskjer seg ei utdanning innan helse og sosialfag (20 %). Også i undersøkinga frå Buskerud er helse det faget flest jenter interesserer seg for.
- Ein stor del av elevane (26%) har ikkje bestemt seg enno. Denne delen er om lag like stor blant gutar og jenter.

Arbeidsmarknaden i Nordhordland

Trur du at du kan få jobb i Nordhordland med den utdanninga du har tenkt å ta?




Arbeidsmarknaden i Nordhordland

- 58 % av elevane trur at dei kan få jobb i Nordhordland med den utdanninga dei har tenkt å ta.
- Det er ein relativt stor del, 17 %, som svarar at dei er usikker på dette spørsmålet.
- Gutane (4,4 i gjennomsnitt) trur i større grad enn jentene (3,8) at dei vil få jobb i regionen med den utdanninga dei planlegg å ta.
- Det er også ein tendens til at dei som går på yrkesfag i større grad trur dei vil få jobb i regionen (4,4) enn dei som går på studiespesialiserande (3,7).

Arbeidsmarknaden i Nordhordland


Ta stilling til følgende påstandar:



Arbeidsmarknaden i Nordhordland

- Ungdommane vart i undersøkinga presentert for ei rekkje påstandar om arbeidsmarknaden i Nordhordland. Her kjem det fram at dei har behov for meir informasjon og kunnskap om kva type utdanning bedriftene i regionen er ute etter.
- Dei er mest einige i påstanden "Eg har fått for lite informasjon om kva type utdanning i bedriftene i Nordhordland treng i framtida" (4,0 i gjennomsnitt), og minst einige i påstanden "Eg veit godt kva type utdanning bedriftene i Nordhordland er ute etter" (3,0).
- Dei som går på yrkesfag veit i større grad kva for utdanning bedriftene er ute etter (3,2) enn dei som går på studiespesialiserande (2,4)
- Figuren viser også at ungdommane meiner det er relativt vanskeleg å etablere eiga verksemd i Nordhordland. Påstanden "Det er lett å etablere eiga verksemd i Nordhordland" får 3,0 i gjennomsnitt.

Bustad




**Spørsmålet er berre stilt til elevar frå Nordhordland*

Bustad

- Elevane vart bedne om ta stilling til to påstandar knytt til bustad.
- Eit viktig funn her er at dei ikkje er nøgd med tilbodet av boliger tilpassa ungdom. Påstanden "Det er eit godt tilbod av boliger tilpassa ungdom i Nordhordland" får berre 2,6 i snitt, noko som er godt under midten av skalaen.
- Når det gjeld påstanden "Eg trur eg kjem til å flytte frå Nordhordland etter eg er ferdig med vidaregåande" er det om lag like mange som seier at dei heilt sikker vil flytte (12%) som det er som seier at dei heilt sikkert *ikkje* vil flytte (13%). Påstanden får 3,5 i gjennomsnitt, noko som er akkurat midt på skalaen.
- Det er ein større del av jentene (3,8) som trur dei kjem til å flytte etter vidaregåande, enn av gutane (3,1).
- Det er og ein større del av dei som går på studiespesialiserande som trur dei kjem til å flytte (4,1) enn blant dei som går på yrkesfag (3,1).

Attraktivitet - Nordhordland



Attraktivitet - Nordhordland


- Elevane har vurdert kor viktig ulike forhold er ved val av bustad, når ein skal etablere seg. Dei har også vurdert kor gode moglegheitene er for dei same forholda i Nordhordland.
- Ein god bolig er det forholdet som vert vurdert som viktigast (5,1 i snitt), etterfølgt at gode oppveksttilhøve for barn (4,9) og relevant jobb (4,8).
- At det bur folk som er "like som meg" der, er den minst viktige faktoren (3,8).
- Gode oppveksttilhøve for barn og gode moglegheiter for friluftsliv er dei to forholda som Nordhordland skårar høgast på.
- Dårlegast skår får regionen på godt utbygd kollektivtilbod (3,5).
- I "Ung i Buskerud" er det også moglegheiter for friluftsliv som kjem best ut når ungdommane vurderer heimkommunen sin.
- Både når det gjeld bolig og arbeidsmarknaden er det eit relativt stor sprik mellom kor viktig elevane synest forholdet er, og korleis dei vurderer moglegheitene i Nordhordland:
 - God bolig (viktigheit: 5,1 moglegheit: 4,3)
 - Relevant jobb (viktigheit: 4,8 moglegheit: 3,8)
 - Fleire relevante jobbar (viktigheit: 4,5 moglegheit: 3,6)

Attraktivitet - Nordhordland

- Når det gjeld moglegheitene på arbeidsmarknaden har vi sett tidlegare at elevane har behov for meir informasjon. Dette kan påverke korleis dei vurderer moglegheitene i dag.
- Det er ein generell tendens til at dei som sjølve er frå Nordhordland vurderer moglegheitene i Nordhordland som betre enn dei som er frå Bergen og andre kommunar. Skilnaden er størst når det gjeld "At vennene mine bur her" (Nordhordland: 4,5, Bergen og andre kommunar 3,3)
- I undersøkinga "Ung i Buskerud" er det jobbmoglegheiter som oppfattast som det viktigaste kriteriet for val av bustad i framtida. Deretter følgjer sosialt miljø og oppvekstmiljøet for barn/ungdom. Bolig var ikkje inkludert i denne undersøkinga. Både jobb og oppveksttilhøve er på topp tre i vår undersøking, så resultatene er langt på veg samanfallande.

Attraktivitet - Nordhordland

Kor sannsynleg trur du det er at du kjem til busette deg i Nordhordland når du er ferdig med utdanning/skal etablere deg?



Attraktivitet - Nordhordland

- Til saman 44 % seier at det er svært eller ganske sannsynleg at dei vil busette seg i Nordhordland når dei skal etablere seg.
- Til saman 31 % seier at dei sannsynlegvis *ikkje* vil busette seg i regionen. Ein relativt stor del 25 %, har ikke bestemt seg enno.
- Det er ein større del av dei som kjem frå Nordhordland som trur at dei vil busette seg her (52 %) enn blant dei som kjem frå Bergen og andre kommunar (13 %).
- Ei undersøking AUD gjennomførte i i 2008 viste at av dei som gjekk ut av ungdomsskolane i Hardanger i 1993, budde 44 % i regionen då dei var 31 år gamle.

Attraktivitet - Nordhordland

Kvifor bu i Nordhordland:

- Har vakse opp i regionen (ønskjer at eigne barn skal få same oppvekst)
- Trivst i Nordhordland
- Familie og venar bur her
- Gode jobbmoglegheiter
- Avstand til Bergen

"Jeg er født og oppvokst her, og det er her jeg har røttene mine og alle vennene mine. jeg liker å bo i Nordhordland fordi det ikke er for lite, og ikke for stort"


"Kvifor *ikkje* bu i Nordhordland:

- Trivst ikkje i Nordhordland
- Liker ikkje staden
- Dårlige jobbmoglegheiter
- Dårlig kollektivtilbod

"Eg synes det er dårlige skoler, dårlige butikker, dårlig miljø blant ungdom og mest av alt; null busser"


Reiseveg til Bergen

Dersom du kjem til å busetje deg i Nordhordland når du er ferdig med utdanning/skal etablere deg, vil reiseveg til Bergen sentrum ha noko å seie for kor i Nordhordland du ønskjer å bu?



Reiseveg til Bergen


Kor lang kan då reisevegen til Bergen sentrum vere?



Reiseveg til Bergen

- Nesten 60 % seier at reiseveg til Bergen vil spele inn på kor i Nordhordland dei eventuelt vil busette seg.
- Det er ein like stor del som ikkje meiner at reiseveg til Bergen spelar inn, som det er som er usikker (22 %).
- Lengda på reisevegen til Bergen er også viktig for ungdommane frå Nordhordland. Det er like mange (45 %) som meiner at inntil 30 minutter er akseptabel reiseveg, som det er som meiner at inntil ein time er akseptabel reiseveg.
- Meir enn ein time er det svært få som meiner er akseptabel reiseveg til Bergen.

Tilhøring




Figuren viser berre elevar frå Nordhordlandskommunane

Tilhøring

- Ungdommane føler ei relativt sterkt geografisk tilhøring.
- Det er små skilnader på i kva grad dei er stolte over/kjenner at dei høyrer til i kommunen dei kjem frå vs. regionen Nordhordland.
- Ungdommane er litt meir stolte over å kome frå Nordhordland (4,4) enn over kommunen dei kjem frå (4,2).
- Dei seier og at dei kjenner at dei høyrer til i Nordhordland i litt større grad (4,3) enn i kommunen dei kjem frå (4,1)
- Påstanden "Eg er stolte over strilekulturen i Nordhordland" får 4,2 i snitt av ungdommane.

Tilhøring


Vil du definere deg sjølv som stril?



Figuren viser berre elevar frå Nordhordlandskommunane

Tilhøring

Ta stilling til følgjande påstand: Eg er stolt av å vere stril




Figuren viser berre elevar frå Nordhordlandskommunane

Tilhøring

- 50 % av elevane som er frå Nordhordland definerer seg som stril. 31% definerer seg ikkje som stril, medan 17% er usikker.
- Dei som definerer seg som stril vart spurde om i kva grad dei er stolte av å vere det. Heile 61% seier seg heilt einig i påstanden "Eg er stolt av å vere stril". I snitt får påstanden 5,3.
- Gutane er meir stolte av å vere stril (5,7) enn jentene (4,8).

Kommunestruktur

Meiner du at talet kommunar i Nordhordland er for høgt, passe eller for lågt?




Kommunestruktur

- Det er berre 8 % av ungdommane som meiner at talet på kommunar i regionen er for høgt.
- Den største delen, 70%, meiner at talet på kommunar er passe slik som det er i dag.
- Ein relativt stor del, 20 %, har ikkje gjort seg opp noko meining i denne saka.

Kommunestruktur


Dersom det vert foreslått å slå din heimkommune saman med ein eller fleire nabokommunar, vil du støtte ei slik samanslåing?



Kommunestruktur

- Det er berre 15 % av ungdommane som i utgangspunktet støttar ei kommunesamanslåing som involverer deira eigen heimkommune. 51 % er mot, medan 34 % er usikker.
- Motstanden mot kommunesamanslåing er større enn støtta i alle kommunane.
- Det er ein noko større del av gutane som er positiv til kommunesamanslåing (18%) enn av jentene (12%).

Tilbod



Tilbod

- Tilboda innan trening og idrett er det elevane er mest nøgde med, både i Knarvik (4,2) og i Nordhordland elles (3,7).
- I Knarvik er dei mest misnøgde med kafé/restaurant - og kulturtilbodet (3,3 for begge).
- I Nordhordland elles er dei mest misnøgde med kafé/restaurant-tilbodet (2,9).
- Når det gjeld senterfunksjonane i Nordhordland utanom Knarvik, vert dei vurderte som under middels på alle område med unntak av trening og idrett (3,7).

Knarvik som regionsenter

Kommentarer oppsummert:

- Ungdommane ønskjer seg fleire butikkar som rettar seg mot ungdom, særskilt klesbutikker
- Dei er negative til parkeringsavgift i senteret
- Ungdommane er kritisk til senteret sin utsjånad

"Det er et bra senter, men ser ikke så fint ut utenfra. De skulle tenkt mer på utvendigheten nå for tiden. Er ikke akkurat noe man kan være stolt over, men når du kommer deg inn i senteret ser det finere ut!"

"I forhold til butikker, så er det ikke så mange som er tilpasset ungdom"

"En kjedebutikk som HM, bikbok, only, vero moda, hadde vert bra"

Kva er best med Nordhordland?

Kommentarar oppsummert:

- Fin natur
- Nært Bergen, men likevel landleg
- ”Luftig”
- Godt miljø
- God arbeidsmarknad

”Stille og rolig, en plass man kan slappe av og allikevel komme seg til byen om en trenger det i blant”

”Det hyggelige folket, freden og roen, gode turmuligheter, en god skole i Knarvik Vgs, et godt bibliotek og den gode følelsen man får når man kommer over Nordhordlandsbroen etter å ha vært en tur til byen”

Hovudfunn

- Den viktigaste faktoren ved val av utdanning er at ein har interesse for fagområdet/yrket.
- Over 70 % av elevane trur at det er sannsynleg at dei kjem til å ta høgare utdanning etter vidaregåande. Dette gjeld i noko større grad jenter enn gutar.
- 35 % ønskjer å ta utdanning innan ingeniørfag, naturvitenskap, primærnæringsfag, samferdsel, sikkerheitsfag. Dette er høgare enn for landet elles. Særleg gutane ønskjer denne type utdanning.
- Over halvparten trur dei kan få jobb i Nordhordland med den utdanninga dei har tenkt å ta. Dette gjeld i større grad gutar enn jenter.
- Ungdommane meiner sjølve at dei har fått for lite informasjon om kva type utdanning bedriftene i regionen treng i framtida.
- Dei er ikkje nøgd med tilbodet av boliger tilpassa ungdom i regionen.
- Det er fleire jenter enn gutar som trur dei kjem til å flytte etter vidaregåande.

Hovudfunn

- Dei viktigaste faktorane ved val av bustad, er ein god bolig, gode oppveksttilhøve for barn og relevant jobb. Av desse skårar Nordhordland best på oppveksttilhøve.
- 44 % av elevane trur dei kjem til å etablere seg i Nordhordland.
- Dei er stolte av, og kjenner tilhøring til både kommunen og regionen.
- Om lag halvparten av elevane frå Nordhordland definerer seg som stril. Delen er større blant gutar enn jenter.
- Ungdommane er i liten grad positive til kommunesamanslåing i regionen.
- Når det gjeld Knarvik som regionsenter er elevane mest nøgde med tilbodet innan trening/idrett, og minst nøgde med kafé/restaurant og kulturtilbodet.
- Også når det gjeld Nordhordland utanom Knarvik, er det tilbodet innan trening/idrett det ungdommane er mest nøgde med.